

# Årsmelding 2010

---

**Jotunfjell Fjordane Elghundklubb har i året 2010 hatt desse tillitsvalde:**

## **Styret**

Leiar	Per Inge Solvang
Nestleiar	Ola Auale
Kasserar	Idar Nygård
Sekretær	Olve Steinset
Styremedlem	Arne Fossmo
Vara til styre	Kai Nave og Odd Rindhølen

Revisorar                      Torbjørn Bakken og Ole Magnar Øvsteng

Valnemnd                      Bjørn H. Marthinussen, Gaute Aamlid og Pål Tofte.

Jaktprøver	Påmelding bandhund:	Egil Skogum
	Påmelding laushund	Håvard Myrum
	Påmelding blod/fersk	Pål Vesterås

Utstillingskontakt        Per Inge Solvang (vest) og Hans Bilben (øst)

Påmelding utstillingar    Christian Vole

## **Medlemstal:**

I 2010 har vi hatt 183 medlemmar.

Ein oppgang på 35 medlemmar, samanlikna med 2009. Dette er nok eit resultat av vervekampanje og godt vervearbeid frå klubbens medlemmar.

## **Aktivitetar:**

**2010 har vore eit år med mange gode aktivitetar.**

### **Domarutdanning**

Det har i dei siste åra vore jobba godt med dommarutdanning, og det har resultert i fleire nye dommarar både for jakt og sporprøver. Vi takkar jakt og sporprøvedommarane for god tilrettlegging av elev og aspirantarbeid. Det hadde vore ynskjeleg at klubben kunne fått utdanna fleire ekteriørdommarar, så det må kanskje vere neste satsingsområde.

## Miljøtrening

Der har vore samling for miljøtrening på Vågå og Otta. I Bremanger har det òg vore arrangert nokre samlingar. Dette er aktivitet som mange medlemmar set pris på, og som heilt klart kan vere ein god måte å knyte til oss nye medlemmar på. Det bør satsast meir på å få arrangert slike samlingar på fleire stadar i vårt store aktivitetsområde.

## Vidaregåande Eppersøkskurs i Markane(Stryn)

4. – 6.juli vart det arrangert Vidaregåande Eppersøkskurs på Ulsheim i Markane. Eit svært vellykka arrangement med god deltaking. Kurset var arrangert i samarbeid med Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane. Instruktørar var: Hans Petter Klokkerengen, Ole Randin Klokkerengen, Karl Klokkerengen og Christian Vole. Kurset hadde deltakara lagt utanfor vårt klubbområde og har fått svært gode tilbakemeldingar. Det må òg nemnast at arrangementet hadde eit flott overskot på ca. kr.15.000. Vi må nok ein gong få takke komitèen, med Andreas Solvik i spissen, for eit kjempefint arrangement. Vi håpar det alt er lagt planar for nytt arrangement i 2011.

## Dressurkurs i Rugsund(Bremanger)

19. – 20.juni arrangerte klubben dressurkurs for jakthundar med Christian Vole som instruktør på Rugsund Handelsstad. Kurset hadde 14 deltakarar fordelt på 9 hundar, frå Ørskog i nord til Aurland i sør.

## Bandhundkurs i Eikefjord

Det vart arrangert bandhundkurs i Eikefjord 26. -27. juni. Bjørn Henry Marthinussen var instruktør. Kurset hadde 14 deltakarar. Kurset hadde ein teoridel og ein praktisk del der deltakarane fekk prøvd hundane på hjort i terrenget. Slike kurs er det stort behov for. Vi håpar å kunne tilby fleire slike kurs i 2011.

## Laushundkurs i Vågå

Det vart arrangert laushundkurs på Frivillighetsentralen i Vågå 24. januar. På kurset deltok det 9 hundeeigarar. Pål Vesterås og Jan Skogen var instruktørar. Begge med lang erfaring i opplæring og bruk av laushundar. Kurset vart avslutta med ein praktisk del siste helga i august. Då fekk alle prøve hundane sine i treningsfeltet i Randsverk.

## Eppersøkskurs i Ørskog.

Dette kurset måtte dessverre avlysast på grunn av sjukdom . Vi vil prøve å arrangere kurs i 2011. Det er viktig å få i gang div. aktivitear i denne fleire delar av aktivitetsområdet. Dette vil kunne auke medlemstalet betraktelig.

## Aktivitetshelg i Randsverk.

På dette arrangementet var det tilbud om div. kurs og prøveaktivitetar. Kursaktivitetane fekk liten oppslutning, men var gått ein del jakt og sporprøvar.

## Utstillingar

### Vestlandsutstillinga, Sogndal 22.mai

Eit vellykka arrangement som førte til at heile 46 hundar blei stilt. Dette er ny rekord for denne utstillinga takke være ein kjempeinnsats frå Johannes Bårdgard og hans medhjelparar som stod føre arrangementet på vegne av klubben. Dommar for samtlege klassar under utstillinga var Arild Berget. Arrangementet gav eit fint overskot på ca. kr. 7000.-

### Dombåsutstillinga 20. og 21.juni

Nok ei vellykka fellesutstilling og eit svært fint arrangement. Samarbeidet med Gudbrandsdalen Elghundklubb er ei foutsetning for å få til ei så stor og god utstilling. Der vart stilt ca. 300 hundar, inklusiv kvalpar, fordelt på rasane Finsk Spets, Jämthund, Karelsk Bjørnhund, Norsk Elghund Grå, Norsk Elghund Svart, Svensk Hvit Elghund og Vestsibirsk Laika. Dommarar under utstillinga var Esko Nummijarvi og Rolf Frostad. Arrangementet gjekk raskt og krirkefritt takka vere røynde dommarar og ringsekretærar. Ei stor takk til komiteèn, som la ned eit stort og godt arbeid både før, under og etter utstillinga. Eit flott arrangement som gav eit pent overskot på ca. kr. 45.000.

## Økonomi

Økonomien i klubben må seiast å vere god.

I 2010 vart det eit overskot på kr.37.000,-

Dette kjem i hovudsak frå utstillingar, jaktprøver, tilskot, annonser og kurs.

Dei største utgiftpostane var reise, overnatting, instruktør og marknadsføring.

Klubben har ved årsskifte ein kapital på vel 143.000,- kr.

Med så stor kapital bør ein vel etterkvart etterstrebe ei årleg drift i balanse.

## Møte

Styret har i 2010 hatt 6 styremøte, 3 av dei er telefonmøte. Telefonmøte er svært tidsbesparande, og eit godt alternativ til å møtast. Det sparer styremedlemmane for lange og dyre reiser. Det har òg vore ein del møtevirksomhet i høve til utstillingar, jaktprøveaktivitet og andre arrangement. Det vart halde medlemsmøte 8. mai på Grotli.

## Jakt- / sporprøver

Type prøve	Antal startande	Antal premiert
1-dags separat laushundprøve	17	8
2-dags separat laushund	3	1
1-dags samla bandhundprøve	1	1
1-dags separat bandhundprøve	14	10
2-dags separat bandhundprøve	1	1

Fersksporprøve 32 27

Blodsporprøve 32 26

## NM laushund

Jon Reidar Stormyrenge representerte Jotunfjell Fjordane Elghundklubb under årets NM laushund. Med hunden Herravare Minna plasserte han oss på ein flott 5. plass. I den skarpe konkurransen er dette kjempebra!

## RS-møte 2010

Egil Skogum og Per Inge Solvang representerte klubben på RS i Stjørdal.

## Jakt-/sporprøve 2011 / utstillinger 2012

Det er søkt om jakt og sporprøver som i 2010. Til 2012 er det søkt om utstilling i Sogndal og på Dombås. Vidare har JFFEHK inngått avtale med Førde brukshundklubb om samarbeid om utstilling i Førde 2012. Vår klubb skal kun ta seg av å skaffe dommar for elghundrasane. Det vert på den måten ei ekstra utstilling i Sogn og Fjordane.

## Championater

### Klubben fekk 6 nye champion i 2010:

Utstillingschampionat til: N UCH N J(B)CH Falder, eigar Bjørn H. Marthinussen.  
Utstillingschampionat til: N UCH N J(B)CH Grytosens Bju, eigar Egil Skogum  
Jaktchampionat laushund: N J(L)CH Storm, eigar: Asbjørn Hansen  
Jaktchampionat band til: N UCH N J(B)CH Falder, eigar Bjørn H. Marthinussen.  
Jaktchampionat laus til: N UCH NJ(B)CH NJ(L) Fenris, eigar ChristianVole.  
Internasjonalt utstillingschampionat til A.F. Elgkronas Bamse, eigar Arne Fossmo.

## **Klubbens heimeside <http://www.jotfjord-elghund.no>**

Klubben sin nye heimeside har no vore i bruk i litt over eit år, og mange tilbakemeldingar viser at medlemmane er godt nøgde med den nye sida, Utfordringane ligg heile tida i å oppdatere sida slik at den til ei kvar tid gjev rette og aktuelle opplysningar. Mange medlemmar er flinke til å komme med tips og sende inn stoff. Dette er vi takksame for og det er heilt nødvendig for at sida skal innehalde nye og aktuelle artiklar.

JFFEHK er no registrert i Brønnøysundregisteret, og fått eige organisasjonsnummer. Styret jobbar no med å få hand om eigedomsretten til domene [www.jotfjord-elghund.no](http://www.jotfjord-elghund.no) . Domene er no eigd av Olve Steinset sitt firma, men vil bli overført om kort tid.

JFFEHK kan no vere motakar av ”Grasrotandelen” gjennom Norsk Tipping. Vi oppmodar med dette alle medlemmar som tippar om å melde frå om at andelen skal gå til JFFEHK.

Styret januar 2011

---

Per Inge Solvang

---

Ola Auale

---

Idar Nygård

---

Olve Steinset

---

Arne Fossmo